

SAK 9/15 Budsjett 2016

Saksframstilling:

Forslag til budsjett for 2016 bygger på selskapsavtalen, rekneskapen 2014 og 2015 samt budsjett 2015.

Inntekter:

Kommunane og fylkeskommunen:

Etter selskapsavtalen skal: *utgifter til dekning av finansiell revisjon, attestasjonsoppdrag samt administrasjonsoppgåver til kommunane vert dekkja av eigarane etter fast fordelingsnøkkel der eigardel utgjer 10% og medgått tid 90%.*

Lærdal kommune har meldt seg ut av SF Revisjon IKS frå 1.1.2015 noko som betyr at det er færre å fordela kostnadene på. Reguleringspremien pensjon blir etter prognosane for 2016 ca 200 000 større enn budsjettet pensjonskostnad i 2015 og utgjer aleine ca 4,6 % auke i lønnsutgiftene eller 3,2% av totalkostnadane. Reguleringspremien er ein kostnad som er uavhengig av lønnsutgiftene i 2016. For å også ta høgde for ein generell lønnsauke har derfor lagt inn ein auge i honoraret frå kommunane på 8 % frå 4,8 mill til 5,2 mill. Ved innsparingar på lønn dei sist åra på grunn av permisjonar og sjukmeldingar har vi tilbakebetalt dette til kommunane.

Rådgjevingstenester:

Fagleg rådgjeving overfor eigarkommunane som går på rekneskapsspørsmål etc. ser vi på som ein del av den totale tenesta jf. over. Det er sett opp eit lite beløp på kr 21 000,- som gjeld ekstraordinær rådgjeving til våre eigarar, refusjon frå NKRF for leiaren i rekneskapskomiteen og rådgjevingstenester til andre.

Andre oppdrag:

Inntekter under denne posten gjeld m.a. andre selskap/fellesråd m.m. som er knytt til kommunane og/eller fylkeskommunen og som har valt SF revisjon til å revidere rekneskapen. Inntektene på dette området variera noko frå år til år. Vi har lagt opp til å oppnå om lag same inntekt i 2015 kr 720 000,-

Refusjonskrav til dotterselskapet Vestlandsrevisjon AS:

Dotterselskapet har frå 2014 fått oppdrag med revisjon av Granvin Herad , men det blir revidert dei tilsette i Indre Hordaland Revisjonsdistrikt. Selskapet har få andre oppdrag, slik at vi ikkje kan rekna med noko inntekt frå dei.

Kostnader:

Lønnsutgifter

Det er budsjettet med 5,6 årsverk for 2016, mot 5,4 i 2015 på grunn av blant anna avslutta permisjon. Det er lagt inn ein generell lønsauke på 3,3 % for 2015 og 2% i 2016
3 av dei tilsette har frå 2015/16 rett på ei 6. ferieuke noko som medfører 2,3% ekstra feriepengeavsetning.

Pensjonskostnader er lagt inn i samsvar med prognose frå KLP, med 10,78% av lønsmassen og i tillegg 4,43% av premiereserven, som pr 30.06.15 var på 10,2 mill.

Avskrivningar

Aktivert inventar og utstyr er nedskrive i 2015, og avskrivningane er derfor budsjettet til 0,-

Husleige

Vår leigeavtale med fylkeskommune utgjer om lag kr 178 000,-

Kostnadsført anskaffelser

Gjeld innkjøp av inventar og utstyr, i tillegg til diverse lisensar på Descartes, One Office, og Idea som er budsjettert under kostnadsførte anskaffelsar med 80 000.

Framande tenester

Rekneskap og Revisjon er budsjettert med 120 000

Vi inngjekk i 2013 ny IKT avtale med Fylkeskommunen som har ein årleg kostnad på 130 000.

- ∞ Drift av IKT-tenesta
- ∞ Leige av Pc'ar

Reisekostnader

På grunn av at vi no har fjerntilgang til alle kommunane er behovet for å reisa ut til kommunane mindre og budsjetterte reiseutgifter er redusert med 60 000.

Det er elles små endringar i budsjettet for 2016 i forhold til budsjettet for 2015.

Prenta vedlegg:

1. Budsjett 2016
2. Fordeling av revisjonskostnader 2016

Styret rår representantskapet til å gjere følgjande vedtak:

Budsjettet vert vedteken slik det er lagt fram med brutto driftsinntekter på kr 5 925 000,-, brutto driftsutgifter på kr 6 269 000,- og eit driftsresultat som syner eit underskot på kr 344 000,-. I tillegg er det budsjettert med finansinntekter på kr 30 000,- som vil gi eit rekneskapsmessig resultat (Underskot) på kr 314 000,- som blir dekkja av tidlegare års overskot.

Det er ikkje lagt opp til investeringar i 2016.

Budsjett Sogn og Fjordane Revisjon IKS

	2 012	2 012	2 013	2 013	2 014	2 014	1. halvår 15	2 015
	REKNESKAP	BUDSJETT	REKNESKAP	BUDSJETT	REKNESKAP	BUDSJETT	REKNESKAP	BUDSJETT
Salgsinntekter	5 702 023	6 087 700	5 528 242	5 909 586	4 554 459	5 810 000	2 123 172	5 590 000
Sum driftsinntekter	5 702 023	6 087 700	5 528 242	5 909 586	4 554 459	5 810 000	2 123 172	5 590 000
Lønnskostnad	3 534 237	3 742 000	2 448 187	3 569 000	2 763 623	3 531 000	1 140 334	3 510 000
Arbeidsgiveravg. og pensjonsk.	1 079 842	890 000	824 569	856 000	1 166 566	950 000	383 366	1 050 000
Andre personalkostnader	22 896	10 000	26 138	0	38 603	19 000	17 771	24 000
Sum personalkostnader	4 636 975	4 642 000	3 298 894	4 425 000	3 968 792	4 500 000	1 541 471	4 584 000
Avskrivning	94 900	90 000	81 300	90 000	78 700	75 000	8 100	75 000
Kostnader lokaler	184 276	160 000	188 266	160 000	189 089	187 000	76 626	187 000
Leie maskiner, inventar o.l.	5 273	2 000	2 447	2 000	7 440	6 000	2 434	10 000
Kostnadsførte anskaffelser	59 000	30 000	47 488	30 000	113 823	65 000	64 989	95 000
Fremmede tjenester	255 676	435 000	373 126	430 000	323 904	260 000	162 576	260 000
Kontorkostnad	263 419	330 000	84 053	330 000	197 560	310 000	94 076	276 000
Telefon, porto o.l.	26 832	30 000	25 336	30 000	39 216	30 000	10 410	35 000
Kostnad og godtgjørelse for reiser	316 917	270 000	155 349	270 000	201 933	270 000	70 653	270 000
Salgs og reklamekostnader	16 978	30 000	97 753	30 000	14 592	30 000	0	30 000
Kontingenter og gaver	96 946	80 000	60 371	80 000	86 916	100 000	52 052	80 000
Forsikring	11 664	20 000	2 818	20 000	2 857	12 000	2 941	5 000
Annen kostnad	7 666	10 000	1 990	10 000	1 990	10 000	965	3 000
Sum driftskostnader	1 339 546	1 487 000	1 120 297	1 482 000	1 258 020	1 355 000	545 822	1 326 000
Driftsresultat	-274 499	-41 300	1 109 051	2 586	-672 353	-45 000	35 879	-320 000
Finansinntekter	61 458	45 000	49 856	45 000	33 206	45 000	16 500	40 000
Finanskostnader	55	0	2 221	0	370	0	0	0
Sum finans	61 403	45 000	47 635	45 000	32 836	45 000	16 500	40 000
Ordinært resultat	-213 096	3 700	1 156 686	47 586	-639 517	0	52 379	-280 000
Årsresultat (+oversk/-undersk)	-213 096	3 700	1 156 686	47 586	-639 517	0	52 379	-280 000

Fordeling av revisjonskostnader etter ny § 4 i selskapsavtalen

Fordeling i timar	Balestrand kommune	Høyanger kommune	Leikanger Kommune	Luster kommune	Lærdal Kommune	SFj. Fylkes- kommune	Sogndal Kommune	Vik Kommune	Årdal kommune	Totalsumn timar
Eigardel	4,44 %	8,89 %	3,33 %	11,11 %	0,00 %	44,45 %	10,00 %	6,67 %	11,11 %	100,00 %
Interimrevisjon	50	100	50	100		370	100	80	100	950
Planlegging	30	40	30	40		90	40	30	40	340
Årsoppgjer	80	120	80	120		300	120	100	120	1 040
Sum Revisjon Årsoppgjer	160	260	160	260	-	760	260	210	260	2 330
Attestasjon momskompensasjon	40	45	40	45		150	45	40	45	450
Sum faste timar	200	305	200	305	-	910	305	250	305	2 780
Fordeling Reise etter sum faste timar	32	49	32	49	-	147	49	40	49	450
Sum faste timar inklusiv reise	232	354	232	354	-	1 057	354	290	354	3 230
Fordelinga i prosent	7,2 %	11,0 %	7,2 %	11,0 %	0,0 %	32,7 %	11,0 %	9,0 %	11,0 %	
Timar Andre arbeidsoppgåver (grunnlag akonto)	131	199	131	199	-	595	199	163	199	1 818
Sum fordelte timar	363	554	363	554	-	1 652	554	454	554	5 048
Fordeling i kroner										
10% etter eigardel	23 017	46 086	17 263	57 594	-	230 429	51 840	34 577	57 594	518 400
Revisjon Årsoppgjer	138 641	225 292	138 641	225 292	-	658 545	225 292	181 966	225 292	2 018 961
Attestasjon momskompensasjon	34 660	38 993	34 660	38 993	-	129 976	38 993	34 660	38 993	389 928
Fordeling Reise	28 052	42 780	28 052	42 780	-	127 638	42 780	35 065	42 780	389 928
Fast fordeling etter erfart timeforbruk	224 371	353 150	218 617	364 659	-	1 146 589	358 905	286 270	364 659	3 317 218
Andre tenester Fordeling faktisk timeforbruk (akonto)	134 301	204 809	134 301	204 809	-	611 069	204 809	167 876	204 809	1 866 782
Akonto fordeling budsjett 2016	358 672	557 959	352 917	569 468	-	1 757 658	563 713	454 146	569 468	5 184 000
Budsjett 2015	331 911	517 157	327 111	527 237	-	1 627 221	521 957	420 169	527 237	4 800 000
Budsjett 2014	318 030	495 470	313 030	505 470	397 787	1 561 485	500 470	402 787	505 470	5 000 000
Budsjett 2013	329 042	428 001	278 163	529 759	368 913	1 528 876	452 055	375 083	520 817	4 810 710
Budsjett 2012	334 448	436 904	283 920	540 800	376 480	1 560 208	461 760	382 720	531 648	4 908 888